



FAQ Syreutstyr

SmartFlow

- **Styres den på mobilen min?**

Nei, du får med ein mobil som er skjermen til den mobile beteningseininga. Men viss du ynskjer å styre frå mobilen din, så er det fullt mogleg. Då koplar du mobilen din til Wifi nettverket Smartflow, med serienummeret frå einingane som passord; passordet består berre av tal, så bokstavane i nummeret sløyfast. For å få opp skjermbilete så opnar du adressa 10.3.141.1:1880 i ein nettlesar; skjermbilete funkar best i fullskjermmodus.

- **Korleis startar eg den mobile betjeningseininga for fyrste gong?**

Etter å ha festa beteningseininga i traktoren, og kopla til ISO-bus og USB leidning, så kan du starte skjermen. Trykk på den litle knappen på oversida, så vil mobilskjermen starte; trykk så på Serigstad ikonet for å opne programmet. Du sjekkar forbindinga mellom baseeininga og beteningseininga med å trykke på Auto-knappen på beteningseininga. Nå skal Auto-knappen på baseeininga også lyse. Viss dei er kopla saman så vil det kome opp «Connection» på betjeningseininga.

- **Eg får «Connection Lost» på betjeningseininga.**

På startskjermen til beteningseininga er det to symbol, eit Serigstad ikon og eit for Wifi innstillingar. På Wifi innstillingar kan ein sjekke at dei to einingane er kopla saman. Eininga skal vera kopla på Wifi nettverket Smartflow; viss det ikkje er det, så trykkar du kople til. Nettverket vil be om eit passord, det er serienummeret på einingane dine som er passordet. Bokstavane i serienummeret skal ikkje brukast. Serienummeret finn du gravert inn i deksla på både einingar. Baseeininga og beteningseininga kan også miste forbindelse viss dei kjem for langt frå kvarandre, fordi Wifi nettverk har ein viss rekkevidde. Før einingane innanfor rekkevidde av kvarandre og prøv å kople dei saman igjen. Sjekk einingane for eventuelle skadar viss dei framleis ikkje koplar seg saman.

- **Kva må eg gjere når eg skal køyre bakteriepreparat etter eg har køyrt syre, eller omvendt?**

Mellom bruk av syre og bakteriepreparat må det spylast med vatn. Du plasserer stigrøyret eller pumpehuset til GP pumpa i ei bytte med vatn, og køyrer pumpa med knappane på baseeininga. Denne reingjeringa bør også utførast som jamleg vedlikehald, både før, under og etter sesongen.

- **Kvar skal eg plassere baseeininga?**

Baseeininga monterast kvar syra er. Har du syra framme på traktoren, på ei stativ, så er det lurt å montere baseeininga her. Har du syra montert bak traktoren eller på utstyret, så er det her baseeininga skal plasserast. Baseeininga har hurtigkoplingar, så den er lett å sette fast og å ta av igjen.



- **Kor lange slanger treng eg?**

Slangen som går til fatet bør ha nok lengd til at det er mogleg å ta ut stigrøyret/pumpa utan å kople slangen frå baseeininga. Slangen som går til dysene kan variera i lengd etter kvar baseeininga og dysene er plassert. Er baseeininga framme på traktoren, må slangen vera lang nok til å gå under traktoren og bak til utstyret. Er baseeininga og syrefat montert på sjølve utstyret, så er det ikkje naudsynt med lang slange.

- **Korleis koplur eg til beteningseininga?**

Etter du har sett fast beteningseininga i traktoren, koplur du på ISO-bus kabelen til beteningseininga og traktoren. Dersom traktoren ikkje har ISO koplur, så brukast det ein leidning med trepolar støpsel. Beteningseininga må også koplur til mobilskjermen med ein USB leidning, for å gje straum til skjermen.

- **Korleis koplur eg til baseeininga?**

Baseeininga får straum frå traktoren via den kvite leidninga; kabelen skal koplur i det kvite uttaket på baseeininga og i 12V uttaket på traktoren. På GP pumper koplur du den blå leidninga frå baseeininga til motorhuset. For å sjekke at baseeininga får straum kan du sjekke om diodane lyser, eller om det er noko lys i knappane på baseeininga.

- **Korleis endrar eg på innstillingane?**

Oppe i høgre hjørne av skjermen til beteningseininga er det eit tannhjul ikon, dette tar deg til innstillingane. Det fyrste ein kjem inn på er Generelt, her står programvareversjon, og telefonbetening. Telefonbetening er i tilfelle skjermen er kopla frå beteningseininga, og gjer at det kommer opp Start/Stop og Auto/Manuell knappar på skjermen.

Til venstre på skjermen kan ein nå navigere til Modus, kvar ein stillar inn parameter og modus for køyringa. Ein kan velja kva ISO signal som skal brukast (Speed, Pickup, PTO); viss alle tre er huka av, så betyr det at viss ein av dei stoppar, så vil pumpa stoppe. Her det mogleg å huke av for tilkopling av ekstern brytar, som kan bruke anten hold eller puls signal; ved bruk av ekstern brytar kan ikkje ISO brukast. Køyretid er antal sekunder brukt på ein køyring (ein ball, ei får, ei rekke), og ynskja mengd er kor mykje væske ein ynskjer tilsett i løpet av køyringa. Avvik for ny køyring er til å sette område for start av ny køyring; viss korrekt mengd væske ikkje er tilsett, men innanfor dette området når det vart gitt stoppsignal, så vil det varte rekna som fullført. Avvik kan berre brukast i auto modus. Ein kan velje mellom tre prioritatar, standard, mengd regulering og batch; det er forskjellige fokusområde for pumpa.

Nedfor Modus til venstre står det Pumpe, kvar ein stillar parameter for pumpa. Tilsetjing er for type ensileringsvæske, og det er eit antal allereie lagt inn i systemet. Ulike væsker har ulik viskositet, og har difor ulik kalibreringsverdi; systemet er forberedt med tre val som ein kan sette eigen kalibreringsverdi og namn på. Standard verdi er 320, og har vist seg å vera gjeldande i dei fleste tilfelle. Fatstørrelse er størrelses på behaldaren til væska. Ein kan programmera forsinka start, som vil seie at det er eit sett tidsrom mellom startsignal til pumpa og pumpestart. Dei siste fire innstillingane er berre for GP serien, fordi MP serien ikkje kan tømme slangane ved å reversere retning. Reversforsinkelse vil seie at det går ei viss tid etter stopp før pumpa tømmer slangane; dette er for å unngå tømning i løpet av korte stopp. Autoreversering er automatisk tømning av slangane, med 90 % pådrag. Når pumpa startar att vil den køyre med same pådrag og tid slik at væska når frem til dysene, før den regulerer til ynskja nivå. Manuell revers medfører at pumpa køyrer i revers til knappen vart trykka igjen, eller til pumpa registrerer tomme slanger (null flow). Tøm slanger vil seie at pumpa tømmer slangane for væske, og det er



noko ein kan gjere før avkopling av slangane.

Den siste kategorien på venstre side er logg, og her vart nøkkelinformasjon frå køyringa registrert. Øktene deles inn etter dato, men det kan endrast til kunde eller referanse.

Lista kan sorterast etter dato, namn eller tilsetjing, og kan eksporterast til ei Excel fil.

Trykk på pila i nedre høgre hjørne for å eksportera.

- **Kva er forskjellen på auto og manuell modus**

Med auto modus så startar og stoppar pumpa etter dei innstillingane du har lagt inn. I auto brukar du ein av tre prioriteringar, som blir starta og stoppa med hjelp frå ISO kopling eller ekstern bryter. I manuell startar og stoppa ein pumpa for hand, med å trykke på start og stopp knappane.

- **Korleis fungerer manuell modus?**

I manuell modus er det to måtar å køyre pumpa på, Pådrag eller Flow. I pådrag køyre pumpa ved innstilt pådrag frå 1 til 100 %; det tas ikkje omsyn til flowmeter eller varslar om feil dyser. Ved Flow vart pumpa stilt inn på ein viss flow (L/min), og pådraget regulert deretter.

- **Korleis fungerer auto modus?**

Auto har tre prioriteringar for køyring, og alle kan bruke ISO tilkopling eller ekstern bryter for start og stopp. Standard regulerer flow (L/min) ut frå sett mengd væske, og det kan forandrast frå framsida. Dersom flow ikkje vart sett, så stiller pumpa det sjølv inn, etter køyretid og ønske mengd i ball/last. Pumpa regulerer seg til å kontinuerleg tilsetje ynskja L/min, som vart vist på framsida. I denne prioriteten kan ikkje pådrag endrast. Prioritering to er Regulering, som regulerer flow til å levera ynskja mengd etter sett tid per ball/lasse. Køyretid og ynskja mengd per eining blir lagt inn i innstillingar, så kalkulerer pumpa flow (L/min) som må til for å levere ynskje mengd over den tida ein eining tar. Pumpa vil også ta lærdom av dei førre ballane/lasta, og justere seg sjølv for mest mogleg presisjon. Ein kan ikkje endre flow frå framsida, og dette er ein innstilling som passer best ved køyring som varierer lite. Den siste prioriteten er Batch, og brukes når ein viss mengd væske skal køyrast ut. Pumpa startar og køyrar fram til ynska mengd er levert, og ved stopp så vil pumpa gjenoppta tilsetjing ved oppstart. Flow kan stillast frå framsida.

- **Korleis køyrer eg Smartflow når eg ikkje har ISO?**

ISO gjer den lettaste opplevinga av Smartflow, men den er ikkje naudsynt. Ein kan bruke ein trepola kontakt for straum til betjeningseininga, men ein vil ikkje få inn den same informasjonen som ein ISO-bus vil gje (fart, pådrag og løft). Ein kan nytta seg av manuell modus ved å starte og å stoppe pumpa sjølv, eller ein kan montere ein ekstern brytar til å innhente signal til auto modus. Serigstad sel pick-up brytarar, som monterast på rørlege delar av utstyret for å sende signal når pumpa skal starte og stoppe. Leidningen til den eksterne brytaren koplaster til betjeningseininga, og så må det veljast ekstern brytar i innstillingane til Smartflow-en. Med ein ekstern brytar kan ein bruka alle prioriteringane i auto modus.

- **Eg får alarm om feil dyser.**

Viss pumpa jobbar hardt (95% +) over tid utan at den greier å levere ynskje mengd, så kan det vera fordi dysene er for små. Sjekk Serigstad sin dysetabell for informasjon om flow (L/min) for forskjellige dyser, og antal dyser.

- **Eg får alarm om at fatet er snart tomt eller at fatet er tomt.**

Når fatet har 10 % væske att, vil det komme opp alarm på skjermen. Løysninga er å fylle på fatet att, og resette målararen på skjermen, nede til venstre. Ein kan også køyre til fatet



er tomt, viss ein skal skifte til anna fat.

Pumpa registrer at fatet er tomt ved at det ikkje er noko flow. Då må fatet fyllast på, eller så må det bytast fat. Då er det berre å ta ut stigrøyret eller GP-pumpa, og montere det på det neste fatet.

- **Eg får feil mengd, for lite eller for mykje væske.**

Feil mengd ensileringsvæske vil koma av feil kalibreringsverdi. Forskjellige væsker har forskjellig viskositet, og kan difor trenge forskjellig kalibreringsverdi. Den fabrikkinnstilte verdien er 120, men det er ikkje sikker den passer akkurat til væska du bruker. Still opp eller ned på kalibreringsverdien til du får rett mengd.

GP-serie

- **Kor mykje væske kan GP-pumpene levera?**

GP5 kan levera opp til 5 L/min og GP8 kan levera opp til 8 L/min; desse verdiane er ved fritt utløp. Ved bruk av plast dyser er det forskjellig dosering etter type og antal. Ei mørk blå dyse DT1,5 har nedre mengd på 0,3 L/min, og ei svart dyse DT10 har øvre mengd på 3,4 L/min; fleire dyser aukar mengd som kan leverast. Kapasitet kan også påverkast av løfthøgde, væsketype, temperatur og driftstid

- **Korleis koplars eg til GP-pumpa?**

Etter du har sett opp baseeininga, så kan du kople dei saman. Set stigrøyret oppi fatet, og sett det fast. GP-serien brukar 12V DC, og anbefalt sikringsstørrelse er minst 5A for GP5 og minst 8A for GP8. Straumleidningen koplast på motorhuset med foroverkjøring, og til baseeininga. På eldre modellar koplast leidningen til med stikkontakt (GP5) eller på toppen (GP8 med sensorkort).

- **Korleis sett eg opp GP5 med manuell styring?**

GP5 med manuell styring fungerer som dei andre GP-pumpene, men styres av ein brytarboks med ein enkel knapp. Den kan berre brukast i 25 liter kannar. Pumpa plasserast i kannen, og syreslangen koplast på nippelen på motorhuset. I enden av slangen vart det sett på ein manuell reguleringsventil, og etter det ein slange som lei til dysene. Brytarboksen koplast til pumpa med ein leidning, og til straum med den andre leidningen. Pumpa styres så med brytarboksen; ved å halde knappen inne i nokre sekunder vil pumpa køyre i revers og slangane vart tømt.

- **Korleis vedlikehald eg GP-pumpa?**

Pumpa bør spylast og slangane spylast gjennom når det skiftes frå syre til bakteriepreparat. Det er også anbefalt å køyre vatn gjennom slangane etter sesongen er over. Etter reingjering er det lurt å sette inn kontaktar og kontaktstifter med olje.

- **Kvar finn eg DP-pumpene og/eller utstyr til dei?**

I 2019 fekk DP-pumpene nye namn; DP2000 vart til GP5 og DP2005 vart til GP8. Dei er dei same pumpene, og delar får de tak i sjå oss, så lenge delane ikkje er gått ut av produksjon.

Tidlegare modellar av GP8 pumpa kom med montert sensorkort, men det har nå vorte bytta ut med flowmeter. Sensorkortet kan spesialbestillast ved behov.

MP-serie

- **Korleis monterer eg MP-pumpa**

Baseeininga til MP-pumpa monterast enkelt med hurtigkoplingar kvar ein det er feste til den. Viss du har fat-stativ frå Serigstad så er det feste klart til MP-serien. På pumpesida



koplast ein slange med hurtigkopling, kor andre ende går til stigrøyret med filter; stigrøyret plasserast i fatet, med nok slange til at det er mogleg å ta ut heile stigrøyret utan å kople frå slangen. På motsette side brukar ein hurtigkopling på slangen som går til dysene eller spreingsbommen. På undersida av baseeininga koplast det ein straumleidning som går inn i traktoren og koplast til 12V. Etter oppstart og innstilling, så er pumpa klar til bruk

- **Korleis fungerer den elektriske ventilen?**

Den elektriske stengeventilen er ein sikker måte til å unngå drypp av syre; det er ein ventil som stenger gjennomstrøyminga av væske. Ventilen er montert på trykksida i baseeininga, og akkumulerer straum under bruk; det let ventilen stenge automatisk ved brot i straumtilføringa. Når ventilen stengjer kjem det ikkje luft i slangane, og væsknivået vil halde seg jamt. Det gjer at ventilen hindrar heverteffekt og væskesøl

- **Kvar skal eg plassere baseeininga?**

Baseeininga plasserast i nærleiken av ensileringsvæske, det vil seie der ein har fat/IBC. Dersom ein bruker frontstativ frå Serigstad, så er det ein eigen plass til baseeininga; viss ein har fat på utstyret, så er det greitt å ha baseeininga her. MP serien skal monterast så nær fatet som mogleg, men med nok slange til at ein kan ta ut stigrøyret utan å kopla av slangen. Baseeininga har hurtigkoplingar til å feste med, så den er lett å feste og å ta av att

- **Korleis brukar eg MP-pumpa for fyste gong?**

MP serien er sugepumper, noko som kan gjere det litt vanskeleg å starte dei for første gong. Pumpene må komprimere luft ved sug når slangane er tomme, noko som gjer at dei ikkje får tak i væska. Difor er det anbefalt å skjenke pumpa før bruk; løys slangen på sugesida og fyll stigrøyret med vatn. Hald stigrøyret opp når pumpa startar for å få væske inn i membranane. Det må ikkje setjast trykk på pumpa, som ved bruk av hageslange; det kan øydeleggje pumpa. Etter skjenking av pumpa så er det berre å montere stigrøyret i fatet

- **Kva vedlikehald treng pumpa?**

Forbyggjande vedlikehald bør utførast før, under og etter sesongen; dette vil forlenge levetida på pumpa, og det vil halde pumpa driftssikker.

Pumpa bør reingjerast og spylast med vatn, då særleg ved bytte mellom syre og bakteriepreparat. Stigrøyret plasserast i ein behaldar med vatn, og kan styrast frå baseeininga. Leidningar, overgangar, og kontaktar sjekkast for skade og korrosjon, og utstyret oppbevarast tørt og frostfritt når det ikkje er i bruk

- **Kva gjer eg når det er dårleg sugeevne på pumpa, eller det ikkje kjem noko væske?**

Det er fleire årsaker til at det er dårleg sugeevne. Det kan være luftbobler i utløpet; alle koplingar på sugesida sjekkast, og sjekk om slangen ligg i klem eller er deformert noko stad. Tett filter kan leie til dårleg sugeevne, og er noko som ofte kjem etter bruk av biologiske konservanter; filteret må reinsast, både i sugerøyret og filteret framfor pumpa på sugeslangen. Sjølv membranane har ei levetid på 2-3000 timar, avhengande av type ensileringsvæske; eldre membranar vart harde og mindre fleksible, noko som kan leda til dårleg sugeevne. Membranane kan være ureine, og kan trengja reinsing; det er lurt å sjekka filteret samstundes. Viss membranane har vorte utsette for petroleumsprodukt, så må den bytast; viss metall dysene er slitte, så må dei bytast.

Viss det ikkje kjem væske i det heile, så kan det vera fordi pumpa ikkje får tak på væska



grunna tett utløp; det må sørgjast for at pumpa har fritt utløp fram til den får fatt i væske att.

- **Kva betyr feilmeldinga «Gjeldande sikring»?**

Feilmeldinga «Gjeldande sikring» kan ha fleire årsaker og løysningar. Ein årsak er for låg spenning; spenning inn til styring og pumpa må vera 11,8V minimum. Det kan vera overbelastning på grunn av feil type dyser, og det løysast ved å bytte til rett type dyser. Klemt slange kan føre til denne feilmeldinga, og då må det sjekkast visuelt at ingen slange er i klem. Tett filter kan også vera ein grunn; sjekk fyrst grovfilter for sugerør, så filteret på slangesida, framfor pumpa.

Dyser og spreingsbom

- **Får eg dyser og spreingsbom med når eg kjøper Smartflow?**

- **Korleis vel eg rett dyser?**

Forskjellige dyser har ulik kapasitet, så det kjem an på kva pumpe du har og kva maskin det skal brukast på. På GP pumper kan plast dyser gje 0,3 til 2,4 L/min og på MP pumper kan plast dyser gje 0,2 til 7,2 L/min. To metall dyser på MP-pumpene kan gje opp til 11L/min (MP12) og opp til 13L/min (MP17); høgare antal dyser gjer større mengd væske som kan leverast.

Ein kan rekne ut kor mange L/min ein treng, og velje dyser deretter. Ein tar lassvekt (tonn) og gongar det med anbefalt tilsetjing (L/tonn). Summen av det delast på køyretid (minutt), og summen av det er anbefalt L/min tilsetjing.

- **Kva spreingsbom skal eg velje?**

Drypp spreingsbom er meint til å monterast mellom rullane i fastkammerpresse, medan spreingsbom med dyser verkar veldig bra over mateskrue eller drag på hausteutstyr. Spreingsbom med hull har god effekt over mateskrue, over drag på hausteutstyr eller mellom rullane i fastkammerpresse. Forgreining med dyser i metall er optimale for utstyr kvar mykje gras passerer over dysene, som i stryte/klaff på fôrhaustar eller i finsnittar. Forgreining med dyser i 90° vinkel er ein fleksibel løysning som kan nyttast i det meste av utstyr. Modulbasert spreingsbom passar godt over mateskrue og draget på hausteutstyret; det er mogleg å tilpasse avstand mellom dyser og å velje type dyser .

- **Kva er forskjellen på plast og metall dyser?**

Forskjellen ligg i kapasitet og bruk. På GP pumper kan plast dyser gje 0,3 til 2,4 L/min og på MP pumper kan plast dyser gje 0,2 til 7,2 L/min. To metall dyser på MP-pumpene kan gje opp til 11L/min (MP12) og opp til 13L/min (MP17); høgare antal dyser gjer større mengd væske som kan leverast. Metall dyser brukast ofte i maskinar som fôrhaustar eller finsnittar, kvar graset skal passere over dysene veldig mange gonger. Til slik bruk vil plast dyser bli fortare litt enn metall dyser.

Frontstativ

- **Kva er fordelene med eit frontstativ?**

Frontstiv frå Serigstad er ein trygg og skånsam måte å transportera ensileringsvæske og plastruller, og bidrar til å fordela vekta framover på traktoren. Fata vart feste til stativet, og kan enkelt bytast ut med hjelp av ein handvinsj; det leverast forskjellige utgåver av stativa, så ein kan velje om ein vil ha plass til eit eller to 200L fat. Plastrull-haldarane er designa for den innvendige diameteren av plastrullane, og stativa er ein trygg måte å



frakta rullane utan å skada plasten. Stativa kjem med forskjellige oppsett etter kor mange haldarar ein ynskjer, frå 4 til 12 stykk. Dei forskjellige oppsetta av fat og plastrull-haldarar er kombinert til totalt seks forskjellige stativ som vart tilbydd.

Frontstativa leverast også med pumpebrakett, for enkel montering av MP-serien.

Handvinsj er standard utstyr, og det er mogleg å få integrert doseringspumpe.

- **Kva type burde eg velja?**

Val av type kjem an på kva du har behov for, det vil seie kor mange fat med ensileringsvæske du skal transportere, og kor mange rullar med plast. Det er to størrelsar på frontstativa, og begge kjem i tre forskjellige oppsett.

Frontstativ 162 er 162 cm langt, 65 cm breitt og 149 cm høgt; det har ein eigenvekt på 120 kg, ei maks lastevekt på 750 kg og maks kapasitet på vinsjen er 454 kg. Standard oppsett er to stykk 200L fat og 4 stykk plast-haldarar; dei to alternativa er eit stykk 200L fat og 6 stykk plast-haldarar, og 8 stykk plast-haldarar.

Frontstativ 217 er 217 cm langt, 65 cm breitt, og 149 cm høgt; det har ei eigenvekt på 134 kg, maks lastevekt på 750 kg, og maks kapasitet på vinsjen er 454 kg. Standard oppsett er to stykk 200L fat og 8 plast-haldarar; dei to alternativa er eit stykk 200L fat og 10 plast-haldarar, og 12 plast-haldarar.

- **Kva feste treng ein til frontstativet?**

Frontstativa kan leverast med tre forskjellige typar feste; Lyng triangel, Ålö SMS og Ålö EURO.

Fatstativ og kannestativ

- **Kva er forskjellen på fatstativ og frontstativ?**

Eit frontstativ er større enn eit fatstativ, og fatstativ har berre plass til eit stykk 200L fat. Fatstativet kan leverast med eller utan handvinsj, og festast på universalfestet frå Serigstad i lodd framme på traktoren.

- **Kva er eit kannestativ?**

Duplo kannestativ kjem i to størrelsar, for ei eller to stykk kanner på 25L. Det er for sikker og enklare transport og bruk av kanner med ensileringsvæske.

Havbruk

- **Korleis styrer eg pumpa?**

Pumpa startast på sikringsboksen, ved å vri brytaren i på-posisjon; pumpa treng nokre sekund på å kople seg opp mot beteningseininga. Sjølve styringa utførast på eit nettbrett, kvar ein kan endre på dei fleste parametrane. Her kan ein tilsette væske manuelt, etter ynskja mengd i liter, eller etter prosent basert på mengd daudfisk. Ein kan også sette opp auto-dosering, med tilsetjing etter ynskja prosent.

- **Korleis startar eg opp styringa på nettbrettet?**

Start pumpa og nettbrettet, og sjekk at nettbrettet er kopla på Wifi nettverket Smartflow. På skjermen vel du app-en Fully, som er programmet som styrar ensileringa. Når programmet har starta opp, så skal du vera klar til å køyre.

- **Korleis hald systemet orden på kor mykje syre det er i tanken?**

Det er mogleg å kople til ein trykksensor som plasserast i ensilasjetanken og hald orden på mengd ensilasje i tanken. Sensoren målar høgd eller trykk, og bruker den informasjonen den samlar til å kalkulera mengd ensilasje som er i tanken.



- **Korleis kan eg endre på innstillingane, og kva kan eg endre?**

For å opne innstillingar trykker du på symbolet med tre linjer oppe i venstre hjørne; då kjem det frem ei list kvar det står manuell, auto og settings. Vel settings, så kjem du inn på innstillingane.

I innstillingar er det tre kategoriar ein kan endre på, representert av tre faner. Den fyrste er behaldaren for ensilasjevæske; her kan ein sette maks volum på fatet, og sjå nåverande volum. Ein kan resette nåverande volum til maks volum ved bytte av fat eller ved påfylling, og huke av om ein vil ha alarm ved lågt nivå og ved veldig lågt nivå.

Den neste fana er for kverntank eller ensilasjetank. Her kan ein sette forma på tanken, og om den er horisontal eller vertikal. Ein får ei illustrasjon av tanken, og nedfor kan ein leggja inn dei tala som er naudsynte for å rekna ut volum; ein sylinder treng høgd og radius, ein ellipse treng høgd, radius ein og radius 2, og ein kuboide treng høgd, breidd og lengd. På alle formane av tank kan ein huke av om alarm for forskjellige nivå; veldig lav, lav, høg og veldig høg.

Den siste kategorien er innstillingar for sensoren som måler mengd ensilasje i tanken; denne sensoren er ekstrautstyr, og følger ikkje med ved kjøp av syrepumpe. Det er lagt opp for to forskjellige typar sensorar som det er mogleg å anvende; det er sensorar som målar høgd på ei væske, eller trykket i ei væske. Ein hukar av om det er sensor, så kan ein velje type. Sensorane har dei same innstillingane, berre i forskjellige mål på rekkevidda. Sensoren treng ein maks og minimum rekkevidde; høgde sensor målast i meter, medan trykk sensor målast i bar. Neste felt er trykk sensor gravitasjon, som målast i m/s^2 , og trykk sensor rho (massetettleik), målt i kg/m^3 . Ein kan endre på kalibrasjon parameter flowmeter, som målast i pulses/liter. Mot botnen av skjermen kan ein stille inn minimum og maks lest mV.

På høgre side av skjermen kan ein sjå informasjonen frå sensoren i ensilasjetanken; den informerer om lest mv, og lest meter eller bar, og ein kan huke av for kopling opp mot arduino eller ekstern.

- **I kva modus kan eg køyre pumpa?**

Pumpa kan køyrast i manuell modus og i automatisk modus. I manuell modus kan ein tilsette væska etter ynskja volum, eller etter volum av daudfisk; ved tilsetjing etter volum av fisk så legg ein inn ynskja volum og mengd daudfisk så reknar systemet ut kva mengd som skal tilsetjast.

I automatisk modus så legg ein inn ynska prosent ensileringsvæske; systemet har då orden på kor mykje daudfisk som er lagt inn, væske i forhold til prosent daudfisk, kor mykje væske som skal leggjast til og kor mykje væske det allereie er i tanken. I tillegg kan ein manuelt leggje inn mengd væske i tanken, i det tilfelle ein har lagt til væske manuelt.

